


Referat

Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval	
Møteleiar:	Tanja Thalèn/ Siv Jensen	
Referent:	Karethe Kristoffersen Aam	
Møtenummer:	2/2024	
Dato:	13.03.24	
Tid:	09.00 – 12.00	
Stad:	Teams	
<i>Vara medlemar møter berre ved særskilt innkalling.</i>		
Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Ottar Røyset	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune	X
Siv Jensen, nestleiar Strategisk samarbeidsutval	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	X
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	X
Jørn Åge Longva	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	X
LSU Molde		
Tanja Thalen, Leiar Strategisk samarbeidsutval	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	X
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	X
LSU Kristiansund		
Geir Nilsen	Nestleiar LSU Kristiansund, einingsleiar Aure	X
Gudrun Karlsen	Leiar LSU Kristiansund, prosjektleiar DMS Kristiansund	X
Brucarrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	X
Brucarrepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	X
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	X
Thilde Svela, fast vara	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	X
Observatør Statsforvaltaren		



Referat

Karin Müller Mikaelson	Leiar helse og omsorg. Statsforvaltaren.	x
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Nestleiar Felles samarbeidssekretariat Samhandlingssjef HMR	x
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	x
Bjørn Buan	Samhandlingskoordinator Nordmøre (NIPR) Kommuneoverlege Surnadal Kommune	x
Bodil Haugen Våge	Leiar Felles samarbeidssekretariatet/ Samhandlingskoordinator kommunane NS Rådgjevar Ålesund kommune	x
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (SR) og "7 stjerna"	x
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	x

Saksliste

Sak nr.	Sak	Tidsplan	Ansvarleg
08/24	Velkomne! Godkjenning av innkallinga - Innkallinga vart godkjent. Innmelding av eventuelt saker - Ingen saker til eventuelt. Godkjenning av referat frå sist møte - Referatet vart godkjent. Du finn referatet HER	0900-0905	Tanja Thalén
09/24	Presentasjon av høyringsbrev og utkast revidert Samarbeidsavtale 2025-2028 ved leiar i Forhandlingsutvalet, Stian Endresen. LSU Kristiansund, Molde, Volda og Ålesund, Faglege samarbeidsutval v/ leiarar og nestleiarar og forhandlingsutvalet var invitert inn i møte for å følgje denne saka. Stian presenterte dei viktigaste endringane i samarbeidsavtalen jf. høyringsbrevet som er utsend. Det vart gitt honnør til arbeidet med revisjon av samarbeidsavtalen. Fleire gav uttrykk for at forslag til ny samarbeidsstruktur verkar fornuftig og oversiktleg, og at reduksjon av ressursbruk frå 12-6 faglege utval er ei ønska utvikling.	0905-0950	Stian Endresen



Referat

	SSU vedtok følgjande: <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU tek orientering om revidert samarbeidsavtale 2025 til vitande. 2. SSU vedtek at revidert samarbeidsavtale 2025 verdt sendt ut på høyring. 3. Frist for høyringsinnspel er 23.06.2024 		
	PAUSE	0950-1000	
10/24	<p>Årsrapport Helsefellesskap Møre og Romsdal 2023</p> <p>Oddvar presenterte årsrapporten som viser aktivitet i PM, SSU, LSU og FSU gjennom for året 2023. Nytt i årsrapporten er at samhandlingsavvik og forbetningsarbeid inngår som ein del av rapporten og leggst ved i sin heilskap. Felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal leggst også ved årsrapporten.</p> <p>Oddvar spelte inn at neste årsrapport for helsefellesskap Møre og Romsdal mogelegvis bør innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • eit kapittel om gode samhandlingstiltak og prosjekt • ei kritisk vurdering av resultat/måloppnåing jf. felles handlingsplan i helsefellesskapet • eit kapittel om brukarperspektivet (rolle og deltaking i Helsefellesskapet) <p>SSU gav honnør til arbeidet med årsrapport for helsefellesskap Møre og Romsdal. Forslag om moment som bør takast inn i neste årsrapport vart godt motteke. Det visast elles til vedlagt PP-presentasjon i saka.</p> <p>SSU vedtok følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Strategisk samarbeidsutval (SSU) tek årsrapport for Helsefellesskap Møre og Romsdal 2023 til vitande. 2. Rapporten vert sendt Partnarskapsmøtet for godkjenning. 	1000-1020/30	Oddvar Marøy og Bjørn Buan
11/24	<p>Felles handlingsplan Helsefellesskap Møre og Romsdal ved leiar arbeidsgruppe oppnemnd av SSU.</p> <p>Gudrun Karlsen la fram plan for evaluering, oppdatering og oppfølging av felles handlingsplan. Sjå vedlagt PP-presentasjon. Arbeidsgruppa vurderer at</p>	1030-1100	Gudrun Karlsen


Referat

	<p>arbeidet med felles handlingsplan no er ferdigstilt i forhold til mandatet som vart gitt.</p> <p>Vidare oppfølging av felles handlingsplan vert sett opp som sak i SSU 12.06.24.</p> <p>SSU vedtok følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> SSU tek arbeidet med felles handlingsplan i samsvar med mandatet til vitande. SSU vedtek at representantar for LSU i samarbeid med representant frå sekretariatet tek ansvar for vidare oppfølging av felles handlingsplan i samsvar med plan for evaluering og oppdatering 		
12/24	<p>Pakkeforløp kreft heim</p> <p>Rapport frå arbeidsgruppe oppnemnd frå SSU. Status implementering – kommunar og helseføretak.</p> <p>Fagleiar helse og omsorg i Molde kommune, Siri Haukås og kreftkoordinator, Liv Skjørseter, informerte om korleis dei har jobba med pakkeforløp heim i Molde kommune. Kommunen har utvikla eit flytskjema for arbeidsprosessen og kartleggingpunkta, sjå vedlagt PP-presentasjon. Skjørseter etterlyser fleire tilvisingar frå helseføretaket og peikar då særskilt på at det er svært få tilvisingar frå avdelingar utanfor kreftavdelinga. Arbeidet med pakkeforløp heim har avdekka eit auka behov for fysioterapeutar i kommunen.</p> <p>Samhandlingssjef Eli Otterlei bekreftar at pakkeforløp kreft heim ikkje er godt nok implementert i helseføretaket. Det må jobbast vidare med dette. Helseføretaket har også utvikla eit flytskjema for arbeidsprosessen og denne skal vidare harmoniserast med dei andre helseføretaka i regionen.</p> <p>SSU vedtok følgjande :</p> <ol style="list-style-type: none"> SSU ber dei lokale samarbeidsutvala om å ta arbeidet med Pakkeforløp Heim vidare og sørge for at pakkeforløpet vert fylgt opp, gjort kjent og implementert i sine lokale område. 	1100-1120	Siri Haukås og Liv Skjørseter



Referat

	<p>2. Pakkeforløpet følgast opp av SSU gjennom dialog med Fagleg samarbeidsutval for multisjuka, stormottakar og palliasjon. SSU oppmodar om at Pakkeforløp heim blir eit prioritert mål i Felles handlingsplan.</p> <p>3. Arbeidsgruppa avsluttar sitt arbeid frå 13.3.2024.</p>		
13/24	<p>Helseplattforma: status fristbrot og ventelister</p> <p>Kommunikasjonsdirektør May Helen Molvær Grimstad informerer om at helseføretaket så langt ligg an som forventa kva gjeld ventetider og fristbrot. Ein forventar at ventetider og fristbrot vil auke og det blir viktig å informere fastlegar og pasientar på ein god måte framover.</p> <p>Fastlegane er særleg bekymra for kronikarane t.d. augepasientar, revmatikarar og pasientar med nedsett hørsel. Utfordrande å skape forståing for auka ventetider hjå pasientane.</p> <p>Samhandlingslege Thilde Svela uttaler at fastlegane ser nokre tendensar. Pasientane får innkalling til fyrste time ganske raskt for å unngå fristbrot, men må vente lenge på oppfølgingstime. Ein bør vere ærleg med pasientane dersom dei må forvente fristbrot og informere om rettigheter.</p> <p>Ei anna løysing ein ser er at det blir gitt video/telefonkonsultasjon der dette i grunnen ikkje er tilstrekkeleg.</p> <p>Statsforvaltaren minner om at rettighetsvurderingar skal leggast til grunn i prioritering av pasientar som må vente på behandling.</p> <p>Grimstad uttaler at det kjem til å bli auka ventetider og fristbrot i perioden med opplæring og innføring av HP. Ho vil ta tilbakemeldingane som kom fram her tilbake til fagavdelinga. Vi veit dessverre ikkje enda heilt rekkevidda av ventetider og potensielle fristbrot.</p> <p>Samhandlingsoverlege vil gjerne ha ei oppdatering i neste SSU på denne saka.</p> <p>Samhandlingssjef seier det blir viktig med tidlig og tett dialog. Vi har møte kvar veke med samhandlingslegane, samt fastlegemøter.</p>	1120-1135	May Helen Molvær Grimstad



Referat

	<p>Forslag til vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU tek saka om Helseplattforma: status fristbrot og ventelister – informasjon frå HMR til vitande. 2. SSU ber om ei fast orientering på denne saka i SSU møta for 2024. 		
14/24	<p>Nasjonal helse og samhandlingsplan 2024-2027 Samhandlingssjef Otterlei la fram dei store linjene i nasjonal helse- og samhandlingsplan. Sjå vedlagt PP-presentasjon SSU takka for ein fin presentasjon.</p> <p>Nokon var overraska over den nye strategien for digitalisering- at ein no går vekk i frå - ein innbyggjar-ein journal. Opplev då at HOD imøtegår mykje av kritikken som er komen mot Helseplattformen.</p> <p>Det uttrykkast glede og forventningar til samhandlingsmidlar som skal kome, at midlane skal tildelast gjennom det regionale helseføretaket, og at helsefelleskapa skal få vere med å påverke kven som får desse midlane.</p> <p>SSU gjorde følgjande vedtak: SSU tek ny nasjonal helse og samhandlingsplan 2024-2027 til vitande og føreset at planen vil legge viktige føringar for arbeidet i Helsefelleskap Møre og Romsdal framover.</p>	1135-1155	Eli Otterlei
15/24	<p>Informasjon om neste møte 12.06.24. Innspel i møtet til saker til SSU:</p> <p>God tid til felles handlingsplan HP- oppdatering Innspel til samarbeidsavtalen</p>	1155	Tanja Thalén
	Takk for møtet!	1200	Tanja Thalén



Referat